

Borna på Bamsebu laga flott julegran!

04.12.2015



Peparkakebyen på Husnes har fått stseleg julegran frå Bamsebu.

Førjulstida er fylt med mange og kjekke aktivitetar! Dette føregår i heimar, på skular, i barnehagar og i mange andre samanhengar. Dette knyter ein saman, og det fyller ein med forvetning og førjulstemning.

Ingen er vel flinkare å gje rom til denne dette enn nettopp barna, og det pregar verkeleg aktivitetane i barnehagane desse førjulsdagane.

Som ein del av desse kjekke førjulsaktivitetane har borna på avdeling Bamsebu i Uskedalen barnehage laga ein nydeleg kopi av Uskedalen si flotte julegran. Byggjematerialet er peparkakedeig, og no er julegrana utstilt i pepperkakebyen på Husnes Storsenter. Der kjem mange til å nyta synet av den staselege julegrana!

Borna var veldig nøgd med resultatet. Det har dei jammen god grunn til! Kjempeflott at dei laga nettopp julegran, for det er vel ikkje noko som er meir typisk for jul i Uskedalen enn nettopp den!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Ann Irene Sæle